KONKURRANSEGRUNNLAG

Ett-trinnsprosedyre

etter forskriftens del I

for anskaffelse av

Komplett linjepakker til-Storkjøkken

OPPDRAGSGIVERE

Kinn kommune

BORDGLEDER KINN KOMMUNE KF

Ansvarlig anskaffer: Reidun Toft (reidun.toft@kinn.kommune.no)

Generert automatisk i Hyyr 15.09.2026 13:10

Anskaffelsesoversikt

Hovedtype, estimert verdi, CPV-koder og utførelsessted fremgår under Konkurransedetaljer.

Kontraktsmal

Navn:	SSA-K

Beskrivelse av oppdraget

Formål og omfang

Bordgleder KF skal anskaffe én komplett, ny og ferdig integrert pakkelinje for porsjonering og automatisk pakking av mat i beger. Linjen skal kunne toppforsegle og pakke med beskyttende atmosfære (MAP), skrive ut og påføre etiketter, og føre ferdige beger til et mobilt oppsamlingsbord/rondell. Leveransen omfatter prosjektering, utstyr, integrasjon, transport, montering, idriftsettelse, opplæring, dokumentasjon og godkjent overtakelsesprøve (SAT).

Prosedyre

Ett-trinnsprosedyre

Oppdragsgiver forbeholder seg retten til å gjennomføre dialog gjennom forhandlinger med en eller flere av leverandørene som inngir tilbud i konkurransen. Forhandlingene vil kunne gjelde alle sider av tilbudene. Utvelgelsen av hvem det vil forhandles med vil bli foretatt etter en vurdering av tildelingskriteriene.

Forhandlinger blir ikke gjennomført dersom oppdragsgiver, etter at tilbudene er mottatt, vurderer at forhandlinger ikke er hensiktsmessig. Dialog i form av rettinger/avklaringer gjennomføres ved behov.

Leverandøren oppfordres på det sterkeste til å følge de anvisninger som gis i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklarheter i kommunikasjonsmodulen i Hyyr.

Offentleglova og taushetsplikt

For allmennhetens innsyn i dokumenter knyttet til en offentlig anskaffelse gjelder offentleglova. Oppdragsgiver og dennes ansatte plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til opplysninger om tekniske innretninger og fremgangsmåter eller drifts- og forretningsforhold det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde, jf. forvaltningsloven § 13.

Forbehold og avvik

Frem til signering av kontrakten kan oppdragsgiver foreta endringer i konkurransegrunnlaget som ikke er vesentlige. Vesentlige endringer håndteres etter gjeldende regler om kunngjøring og frister.

Tilbud med vesentlige forbehold eller avvik fra konkurransegrunnlaget skal avvises. Oppdragsgiver kan også avvise tilbud med forbehold, avvik eller uklarheter som ikke er ubetydelige.

Oppdatering og tilleggsopplysninger

Eventuelle rettelser, suppleringer eller endringer av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidlet til alle leverandører som har registrert sin interesse for anskaffelsen i Hyyr. Dersom leverandøren finner at konkurransegrunnlaget ikke gir tilstrekkelig veiledning, eller er uklart, kan leverandøren be om tilleggsopplysninger via Hyyr. Dersom det oppdages feil i konkurransegrunnlaget, bes det om at dette formidles til oppdragsgiver via Hyyr.

Reglene for kommunikasjon

All kommunikasjon med oppdragsgiver skal skje elektronisk og skriftlig via Hyyr (oppdragsgivers konkurransegjennomføringsverktøy). Dette gjelder også spørsmål og svar.

Juridisk ramme

Anskaffelsen gjennomføres i henhold til lov om offentlige anskaffelser (LOA) og anskaffelsesforskriften (FOA) del I.

Kostnader ved utarbeidelse av tilbud

Eventuelle kostnader leverandøren har ved utarbeidelse av tilbudet dekkes av leverandøren selv. Oppdragsgiver refunderer ikke kostnader knyttet til utarbeidelse eller innlevering av tilbud.

Deltilbud

Anskaffelsen er ikke delt i delkontrakter. Det er ikke adgang til deltilbud.

Alternative tilbud

Det er ikke tillatt å levere alternative tilbud.

Parallelle tilbud

Det er ikke tillatt å levere parallelle tilbud. Hver leverandør kan ha ett gjeldende tilbud per delkontrakt.

Forretningshemmeligheter og sladding

Oppdragsgiver behandler innsynsbegjæringer etter offentleglova og forvaltningsloven. Leverandøren kan bli bedt om å levere en sladdet versjon av tilbudet dersom det fremsettes innsynskrav.

Behandling av personopplysninger

Personopplysninger som inngår i tilbudet behandles av oppdragsgiver for å gjennomføre anskaffelsen, evaluere tilbud og følge opp kontrakt. Behandlingen skjer i tråd med personvernregelverket. Leverandøren er ansvarlig for at personopplysninger i tilbudet er lovlig innhentet og nødvendige for tilbudet.

Deltakelse fra ansatte hos oppdragsgiver

Ansatte hos oppdragsgiver eller andre som deltar i forberedelsen eller gjennomføringen av anskaffelsen, kan ikke delta på leverandørsiden i konkurransen på en måte som kan svekke tilliten til at konkurransen gjennomføres på en rettferdig måte. Spørsmål om habilitet avklares med oppdragsgiver via Hyyr.

Ansvarlig innkjøpsenhet

Kinn kommune

Org.nr: 820956532

Postboks 294, 6702, Måløy

E-post: innkjop@kinn.kommune.no

Telefon: +4757756000

Oppdragsgivere

Kinn kommune

Org.nr: 820956532

Postboks 294, 6702, Måløy

E-post: innkjop@kinn.kommune.no

Telefon: +4757756000

BORDGLEDER KINN KOMMUNE KF

Org.nr: 986800778

Hjellegata 2, 6900, Florø

E-post: post@bordgleder.no

Telefon: 4747468090

Kontaktperson

Reidun Toft

E-post: reidun.toft@kinn.kommune.no

Telefon: +4748132443

Konkurransedetaljer

Anskaffelsesdel:	Del I-anskaffelse - Under nasjonal terskelverdi	Utførelsessted:	Hjellegata 2, Florø, NOR
Hovedtype:	Varer		

CPV-koder:

- 42921300 - Pakke- og emballeringsmaskiner (Hoved)
- 30170000 - Etikettmaskiner
- 42921200 - Maskiner til påfylling eller lukning av flasker, hermetikkbokser eller andre beholdere
- 42215200 - Maskiner til bearbeiding av næringsmidler
- 30173000 - Maskiner til påsetting av etiketter/merkelapper
- 42215000 - Maskiner for industriell behandling av mat- eller drikkevarer
- 42921320 - Pakkemaskiner

Varighet:

Oppstart:	2. november 2026
Varighet:	Sluttdato for kontrakten er foreløpig ikke fastsatt.

Tidsfrister:

Frist for å stille spørsmål:	21. september 2026, 12:00
Tilbudsfrist:	28. september 2026, 12:00
Tildeling:	5. oktober 2026, 12:00
Vedståelsesfrist:	60 dager

Kvalifikasjonskrav:

Nr.	Krav
1	**Firmaattest** Filopplasting tillatt
Firmaattest fra Foretaksregisteret som bekrefter registrering, signaturrett og prokura. Hentes automatisk via eBevis.	

2	**Skatteattest** Filopplasting tillatt
Leverandøren skal fremlegge skatteattest som bekrefter at skatter og avgifter er betalt. Verifiseres automatisk via eBevis (krever samtykke i Altinn).	

Tildelingskriterier:

Evalueringsmetode: Fastsatt vekting per kriterium

Prisberegningsmetode: Forholdsmessig

Formel:

```
r = r_max - ((p - p_min) × (r_max - r_min)) / (p_max - p_min)
```

Hvor p_max = høyeste tilbudte pris × 2 (referansepris), p_min = laveste tilbudte pris, r_max = maksimalt antall poeng, r_min = minimum antall poeng

Miljøkriterier: Miljøkrav er uvesentlige

Kriterie	Type	Vekt	Beskrivelse
Pris	Pris	40%	Evaluering av samla pris for linjepakkar og tilhøyrande leveranseelement i prisskjemaet.
Kvalitet	Kvalitet	60%	Under dette kriteriet vurderes tilknyttede krav.

Kravspesifikasjon:

1. Dokumentasjon med tilbodet

Nr.	Krav	Type
1.1	**Utfylt kravmatrise med Ja eller Nei, tilbodne verdiar og presise dokumentreferansar.** Legg ved utfylt versjon av dette dokumentet eller tilsvarande svarskjema.	Må-krav
1.2	**Samla leveransebeskriving med fabrikat, modell og hovudkomponentar for heile linja.** Produktblad og systemoversikt.	Må-krav
1.3	**Førebels målsett layout som viser total lengd, breidd og høgd, operatørsoner, serviceareal, transportveg og plassering av tilkoplingspunkt.** Målsett teikning i PDF.	Må-krav

1.4	**Oversikt over verktøy, begerdispenser, innleggsplater, løfte- og bytteutstyr, folieløysing, etikettering, vakuumpumpe og rondell som inngår.** Komponent- og utstyrsliste.	Må-krav
1.5	**Kompatibilitetsmatrise for beger, folie, verktøy og aktuelle materialtypar.** Utfylt matrise med avgrensingar og føresetnader.	Må-krav
1.6	**Samla last- og tilkoplingsliste for straum, trykkluft, gass, nettverk, ventilasjon og andre forsyningar.** Teknisk datablad og tilkoplingsskisse.	Må-krav
1.7	**Førebels samsvars- og tryggleiksoversikt for den komplette samanbygde linja.** Liste over regelverk, standardar og planlagde samsvarsdokument.	Må-krav
1.8	**Plan for designfrys, FAT, levering, installasjon, opplæring, SAT og overtaking.** Framdriftsplan med varigheit, roller og føresetnader.	Må-krav
1.9	**Garanti-, service- og reservedelsopplegg, inkludert kontaktpunkt og normale leveringstider.** Bindande servicebeskriving.	Må-krav
1.10	**Samla liste over eventuelle avvik, atterhald og føresetnader. Dersom det ikkje finst avvik eller atterhald, skal dette stadfestast uttrykkeleg.** Eiga avviksliste.	Må-krav
1.11	**Kvalitetssvar etter kapittel 15.** Svar i same rekkjefølgje som evalueringspunkta.	Må-krav

2. Leveranseomfang og ansvar

Nr.	Krav	Type
2.1	**Leveransen skal vere éi komplett, samanbygd og funksjonsklar linje med begerdispenser for 1/4 GN, porsjoneringsband, forseglings- og MAP-maskin, automatisk folieframtrekk, automatisk etikettutskrift og påføring, utmater eller transportør, og rondell eller oppsamlingsbord.** Stadfest Ja.	Må-krav
2.2	**Nødvendig ekstern vakuumpumpe eller likeverdig vakuumløysing, dimensjonert for tilboden kapasitet og MAP-yting, skal inngå i leveransen.**	Må-krav

	Stadfest Ja. Oppgi fabrikat, modell og kapasitet.	
2.3	**Tilbodsprisen skal omfatte alt utstyr og alle ytingar som er nødvendige for avtalt funksjon, mellom anna verktøy, innleggsplater, løfte- og bytteutstyr, intern kabling og røyrføring, styring, vern, grensesnitt, programvare, lisensar, frakt, lossing, montering, konfigurering, idriftsetjing, FAT, opplæring og SAT.** Stadfest Ja. Eventuelle avgrensingar skal stå i avvikslista.	Må-krav
2.4	**Bygningsmessige arbeid og framføring av forsyningar fram til avtalte tilkoplingspunkt inngår ikkje, med mindre anna er uttrykkeleg oppgitt. Leverandøren skal levere og kople all intern infrastruktur i linja.** Stadfest Ja.	Må-krav
2.5	**Leverandøren skal ha samla funksjons-, integrasjons- og tryggleiksansvar for heile linja, også for komponentar og tenester frå underleverandørar. Linja skal fungere og vere sikker som éi eining.** Stadfest Ja. Legg ved ansvarsmatrise.	Må-krav
2.6	**Alt utstyr skal vere nytt og ubrukt. Tilboden modell skal ikkje vere utgått eller varsla utfasa på tilbodsfristen, og skal vere omfatta av produsenten si ordinære produkt- og servicestøtte.** Oppgi fabrikat, modell og produktstatus.	Må-krav
2.7	**All programvare, drivarar, konfigurasjon og lisensar som er nødvendige for full funksjon ved overtaking, skal inngå. Alle obligatoriske løpande kostnader skal gå fram av prisskjemaet.** Stadfest Ja og legg ved lisensoversikt.	Må-krav
2.8	**Leverandøren skal kontrollmåle installasjonsstaden før produksjon eller ordrefrigiving og verifisere plassbehov, transportveg, operatørsoner, serviceadkomst og tilkoplingar. Endeleg layout skal godkjennast skriftleg av oppdragsgivar.** Stadfest Ja. Kostnaden skal vere inkludert.	Må-krav

3. Beger, formatverktøy og folie

Nr.	Krav	Type
3.1	**Det skal inngå komplette verktøy eller rammer for 1/2 GN, nominelt 325 × 265 mm, 1/4 GN, nominelt 265 × 162 mm, og 1/8 GN, nominelt 162 × 132 mm. Verktøya skal handtere avtalte begerhøgder til og med 100 mm og vere tilpassa dei målsette begerteikningane.** Stadfest Ja. Oppgi talet på kavitetar og høgdeområde for kvart verktøy.	Må-krav

3.2	**Det skal inngå komplett begerdispenser berre for 1/4 GN-beger. Begerdispenser for 1/2 GN og 1/8 GN inngår ikkje.** Stadfest Ja. Legg ved produktblad og magasinkapasitet.	Må-krav
3.3	**Verktøya skal gi presist profilkutt av folien og ein funksjonell avtrekksflik. Sveisetemperatur, sveisetid og andre relevante parameter skal kunne justerast for å oppnå tett sveis og eigna peel-funksjon for den avtalte beger- og foliekombi-nasjonen.** Stadfest Ja. Beskriv reguleringsområdet og legg ved døme på kutt.	Må-krav
3.4	**Verktøy og rammer skal kunne skiftast på ein trygg måte. Nødvendig løftevogn, løfteheis eller anna bytteutstyr skal inngå, slik at skiftet kan gjennomførast utan uforsvarlege manuelle løft.** Stadfest Ja. Beskriv prosess, personbehov og handverktøy.	Må-krav
3.5	**Tilbydar skal oppgi garantert tid for komplett formatbyte, frå siste godkjende pakning i tidlegare format til første godkjende pakning i nytt format.** Oppgi minutt, tal personar og handverktøy. Tida blir verifisert ved SAT.	Må-krav
3.6	**Det skal inngå innleggsplater eller likeverdig løysing som reduserer kammer- og gassvolum for dei aktuelle formata.** Stadfest Ja. Beskriv løysinga og verknaden.	Må-krav
3.7	**Maskina skal teknisk kunne toppforsegle beger av PP, PE, PET, PS, papp og aluminium når det blir brukt eigna og godkjend kombinasjon av beger, folie og verktøy.** Stadfest Ja og legg ved kompatibilitetsmatrise. Eventuelle tekniske avgrensingar skal gå fram.	Må-krav
3.8	**Maskina skal handtere relevante standardfilmar og foliebreidd til og med 500 mm, innanfor avgrensingane til det valde verktøyet.** Stadfest Ja. Oppgi godkjende filmtypar og maksimal foliebreidd.	Må-krav
3.9	**Folieframtrekket skal vere automatisk. Folierullen skal vere lett tilgjengeleg, og operatøren skal kunne skifte rull trygt utan å demontere vern som ikkje er berekna for operatørtilgang.** Stadfest Ja. Beskriv rullplassering og bytteprosedyre.	Må-krav
3.10	**Tilbydar skal oppgi maksimal rullbreidd, maksimal ytterdiameter, kjernediameter, maksimal rullvekt og normal tid for folieskift.** Fyll inn verdiar og vis til datablad.	Må-krav

4. Kapasitet, MAP og styring

Nr.	Krav	Type
4.1	**Maskina skal kunne køyre både ordinær toppforsegling og MAP-pakking.** Stadfest Ja.	Må-krav
4.2	**Ved MAP-pakking skal maskina oppnå minst fire komplette pakkesyklusar per minutt i avtalt 1/4 GN-konfigurasjon under testvilkåra i kapittel 16.** Stadfest Ja. Oppgi garantert syklustal.	Må-krav
4.3	**Tilbydar skal oppgi talet på beger per syklus og garantert tal godkjende beger per minutt for kvart av dei tre verktøya.** Fyll inn verdiar per format.	Må-krav
4.4	**Tilbydar skal oppgi dokumentert og garantert produksjonskapasitet utover minimumskravet, stabilitet og føresetnader for kapasiteten.** Oppgi syklusar og beger per minutt, testgrunnlag og eventuelle avgrensingar.	Kvalitet
4.5	**Restoksygenet ved MAP-pakking skal vere høgst 2,0 prosent i kvar av ti tilfeldig valde pakningar frå kapasitetstesten.** Stadfest Ja. Oppgi målemetode og føresetnader.	Må-krav
4.6	**Maskina skal ha sensorstyrt innmating og posisjonering som hindrar feil plassering og bidreg til stabil og sikker drift.** Stadfest Ja. Beskriv sensorar og avvikshandtering.	Må-krav
4.7	**Maskina skal ha alarm og tryggleikssperre ved svikt i gasstilførsel, utilstrekkeleg verktøytemperatur, opne vern eller dører, feil posisjonering og andre forhold som gjer sikker eller korrekt produksjon umogleg.** Stadfest Ja. Legg ved alarm- og tryggleiksoversikt.	Må-krav
4.8	**Maskina skal vere programmerbar og kunne lagre førehandsdefinerte og brukardefinerte reseptar eller syklusar.** Stadfest Ja. Oppgi kapasitet og parameter som kan lagrast.	Må-krav
4.9	**Betjeningspanelet skal vise driftsstatus, aktive alarmar og rettleiing. Operatørgrensesnitt, alarmtekstar og brukarrettleiing skal vere på norsk ved overtaking.** Stadfest Ja. Legg ved skjermbilete eller systembeskriving.	Må-krav
4.10		Må-krav

	Alle delmaskiner skal vere linjestyrte og utveksle nødvendige start-, stopp-, klar-, full- og feilsignal. Stadfest Ja. Legg ved signal- og funksjonsbeskriving.	
4.11	**Stans eller fullmelding nedstraums skal stanse oppstraums utstyr kontrollert. Automatisk omstart skal ikkje skje etter tryggleiksstans, og linja skal vere utforma for å avgrense produkttap og feilmating.** Stadfest Ja. Beskriv stopp- og omstartslogikk.	Må-krav

5. Transport, linjeintegrasjon og ergonomi

Nr.	Krav	Type
5.1	**Transportbandet før pakkekammeret skal ha ei nyttbar porsjoneringslengd mellom 3 600 og 4 000 mm.** Stadfest Ja. Oppgi nøyaktig lengd og arbeids-/bandhøgd.	Må-krav
5.2	**Porsjoneringsbandet skal vere utforma slik at to operatørar kan arbeide på kvar side utan at tryggleik, arbeidsflyt eller reinhald blir hindra.** Stadfest Ja.	Må-krav
5.3	**Etter pakkekammeret skal linja ha eigna rullebane eller transportør fram til etiketting og rondell. Overgangane skal vere skånsame og hindre fastkøyring, velting og produktfall.** Stadfest Ja.	Må-krav
5.4	**Arbeidshøgd, rekkeavstandar og betjeningspunkt skal vere ergonomisk eigna for den planlagde bemanninga. Tilgang for drift, tilsyn og service skal vere trygg.** Stadfest Ja. Oppgi høgder og justeringsområde.	Må-krav
5.5	**Tilbydar skal beskrive brukarvennleg og ergonomisk utforming, mellom anna operatørtilgang, løft, rekkeavstand, justeringsmoglegheiter, oversikt og trygg gjennomføring av vanlege arbeidsoperasjonar.** Beskriv løysinga med målsette teikningar eller foto.	Kvalitet
5.6	**Betjeningsorgan og naudstopp skal vere tydeleg merkte og tilgjengelege frå relevante arbeidsposisjonar.** Stadfest Ja og vis plassering i layout eller tryggleiksoversikt.	Må-krav

6. Etikettering, Matilda og IT-tryggleik

Nr.	Krav	Type
6.1	**Linja skal leverast med komplett automatisk løysing for utskrift og påføring av etikett på beger.** Stadfest Ja. Oppgi fabrikat og modell.	Må-krav
6.2	**Etiketteringsløysinga skal kunne justerast for alle avtalte begerstorleikar og etikettformat frå 50 × 50 mm til 100 × 130 mm.** Stadfest Ja. Legg ved format- og justeringsområde.	Må-krav
6.3	**Etikettplasseringa skal vere repeterbar og stabil ved tilboden linjefart.** Stadfest Ja. Oppgi garantert posisjoneringsnøyaktigheit og repetisjonstoleranse i mm.	Må-krav
6.4	**Etikettskrivaren og systemet skal kunne motta, behandle, skrive ut og påføre nødvendige etikettdata frå Bordgleder KF si eksisterande Matilda Foodtech-løysing. Endeleg integrasjon skal vere testa frå ende til ende før overtaking.** Stadfest Ja. Beskriv arkitektur, grensesnitt og ansvar.	Må-krav
6.5	**Alle nødvendige drivarar, programvarekomponentar, lisensar, konfigurasjonar og tredjepartsytingar for avtalt Matilda-integrasjon skal inngå i leveransen og prisen.** Stadfest Ja. Legg ved lisens- og kostnadsoversikt.	Må-krav
6.6	**Løysinga skal kunne koplast til kabla Ethernet-nettverk. Wi Fi kan tilbydast i tillegg, men kan ikkje vere ein føresetnad for normal drift.** Stadfest Ja. Oppgi nettverks- og portbehov.	Må-krav
6.7	**Fjernservice skal vere deaktivert som standard og berre kunne aktiverast etter uttrykkeleg godkjenning frå oppdragsgivar. Tilgangen skal vere tidsavgrensa, personleg autentisert, sikra med fleirfaktorautentisering og loggført.** Stadfest Ja. Beskriv fjernaksess, godkjenning og logging.	Må-krav
6.8	**Løysinga skal ikkje etablere permanent utgåande fjernaksess eller leverandørkonto med administrative rettar utan skriftleg godkjenning. Tryggleiksoppdateringar i garantitida skal inngå utan tilleggskostnad.** Stadfest Ja. Beskriv oppdateringsrutine.	Må-krav
6.9	**Tilbydar skal oppgi maksimal ytterdiameter og kjernediameter for etikettrull, kapasitet per rull, operatørtilgang og normal byttetid.** Fyll inn verdiar og vis til datablad.	Må-krav

7. Rondell og oppsamling

Nr.	Krav	Type
7.1	**Rondellen eller oppsamlingsbordet skal vere utført i rustfritt stål og ha hygienisk utforming for skånsam akkumulering av ferdig etiketterte beger.** Stadfest Ja. Legg ved produktblad og materialbeskriving.	Må-krav
7.2	**Rondellen skal kunne handtere minst 20 beger per minutt ved normal drift.** Stadfest Ja. Oppgi dokumentert kapasitet.	Må-krav
7.3	**Rondellen skal ha trinnlaus fartsregulering og mjuk start og stopp.** Stadfest Ja. Beskriv styringa.	Må-krav
7.4	**Rondellen skal ha fullsensor og utveksle start- og stoppsignal med oppstraums utstyr. Når rondellen er full, skal pakkelinja stanse kontrollert.** Stadfest Ja.	Må-krav
7.5	**Overgang, sidestyringar og utforming skal hindre at beger fell ut, veltar eller blir skadde ved normal drift og kontrollert stans.** Stadfest Ja. Legg ved teikning eller foto.	Må-krav
7.6	**Rondellen skal ha diameter mellom 1 000 og 1 200 mm og vere mobil med låsbare hjul.** Stadfest Ja. Oppgi diameter og vekt.	Må-krav
7.7	**Arbeidshøgda skal vere tilpassa den komplette linja, med mål om om lag 850 mm. Tilbydar skal oppgi faktisk høgd og eventuelt justeringsområde.** Oppgi høgd og stadfest kompatibilitet.	Må-krav
7.8	**Straumtilførsel, effekt og tilkopling for rondellen skal oppgivast.** Fyll inn verdiar.	Må-krav

8. Material, hygienisk design og reinhald

Nr.	Krav	Type
8.1		Må-krav

	Ramme og relevante konstruksjonsdelar skal vere i rustfritt stål AISI 304, EN 1.4301, eller dokumentert likeverdig eller betre materiale med omsyn til korrosjon, reinhald og bruksområde. Stadfest Ja. Legg ved materialspesifikasjon.	
8.2	**Linja skal ha hygienisk design med god drenering, glatte og reingjerbare overflater og lett tilgang til inspeksjon og reinhald.** Stadfest Ja. Beskriv hygieniske designgrep.	Må-krav
8.3	**Utstyret skal vere utan unødvendige holrom, opne røyrendar, væskefeller eller utilgjengelege produkt- og smusslommer. Festemiddel i produktnære område skal vere hygienisk utforma.** Stadfest Ja. Vis til teikningar, foto eller konstruksjonsprinsipp.	Må-krav
8.4	**HMI og elektriske komponentar i område som blir utsette for våtreinhald, skal ha minst kapslingsgrad IP65. Andre komponentar skal ha kapslingsgrad som er eigna for plasseringa og den dokumenterte reinhaldsmetoden.** Stadfest Ja. Oppgi IP-grad per relevant komponent.	Må-krav
8.5	**Materialar og komponentar som er berekna for eller ved føreseieleg bruk kan kome i kontakt med mat, skal oppfylle gjeldande krav til matkontaktmaterialar.** Stadfest Ja. Samsvarserklæringar skal leverast før overtaking.	Må-krav
8.6	**Smøremiddel med risiko for tilfeldig kontakt med mat skal vere godkjende for slikt bruksområde.** Stadfest Ja. Legg ved smøremiddelliste før overtaking.	Må-krav
8.7	**Delar som skal reingjerast eller inspiserast ofte, skal kunne demonterast og monterast trygt og effektivt. Nødvendig spesialverktøy og hygienisk oppbevar-ingsløysing for lause delar skal inngå.** Stadfest Ja. Beskriv demontering og oppbevaring.	Må-krav
8.8	**Tilbydar skal dokumentere effektivitet og kvalitet ved reinhald, mellom anna rein-haldstid, tilgang, demontering, drenering, kontrollpunkt og risiko for feilmontering.** Oppgi tid, personbehov og føresetnader. Legg ved reinhaldsprosedyre.	Kvalitet
8.9	**Overflater, pakningar og komponentar skal tole dei reinhaldsmidla og metodane som er oppgitt av oppdragsgivar. Leverandøren skal identifisere eventuelle av-grensingar før kontraktsinngåing.** Stadfest Ja. Legg ved godkjend kjemikalie- og temperaturspesifikasjon.	Må-krav

9. Infrastruktur og tilkoplingar

Nr.	Krav	Type
9.1	**Vakuumpumpa skal vere dimensjonert for samtidig oppfylling av kapasitets- og restoksygenkrava og skal leverast med nødvendig intern røyrføring, styring og vern.** Oppgi fabrikat, modell, kapasitet, effekt, støynivå og ventilasjonsbehov.	Må-krav
9.2	**Dersom trykkluft blir nytta, skal tilbydar oppgi driftstrykk, maksimalt og normalt forbruk og nødvendig luftkvalitet etter ISO 8573-1 eller likeverdig spesifikasjon.** Oppgi bar, l/min og krav til luftklasse.	Må-krav
9.3	**Elektrisk effekt, spenning, fase, frekvens, merkestrøm, tilrådd sikringsstorleik og tilkopling skal oppgivast for kvar hovudkomponent og for samla linje.** Legg ved elektrisk lasteliste og tilkoplingsskisse.	Må-krav
9.4	**Krav til gassblanding, gasstrykk, tilkopling, maksimalt og normalt forbruk og eventuell gassregulering skal oppgivast.** Legg ved gass- og forbruksdata.	Må-krav
9.5	**Eventuelle krav til vatn, avløp, drenering, avsug eller andre tekniske forsyningar skal oppgivast.** Oppgi mengd, kvalitet, trykk og tilkopling der det er relevant.	Må-krav
9.6	**Varmeavgiving og nødvendig romventilasjon for komplett linje og vakuumpumpe skal oppgivast.** Oppgi berekna varmeavgiving og luftbehov.	Må-krav
9.7	**Deklarert A-vekta lydtrykknivå ved operatørplass skal oppgivast saman med målevilkår og eventuelle nødvendige støytiltak.** Oppgi dB(A), måleavstand og driftsmodus.	Må-krav
9.8	**Samla vekt, punktlaster, maksimal høgd og krav til fundamentering eller forankring skal oppgivast.** Vis verdiar i layout og teknisk datablad.	Må-krav

10. Maskintryggleik, samsvar og dokumentasjon

Nr.	Krav	Type

10.1	**Den komplette linja skal ved overtaking oppfylle alt norsk produktregelverk som gjeld når linja blir bringa i omsetning eller teken i bruk, mellom anna forskrift om maskiner eller regelverk som avløyser denne.** Stadfest Ja. Endeleg regelverksliste skal leverast før SAT.	Må-krav
10.2	**Den komplette samanbygde linja skal vere CE-merkt som éi eining. Leverandøren skal vere ansvarleg for den endelege samanstillinga og samsvarsvurderinga.** Stadfest Ja. Oppgi ansvarleg produsent eller integrator.	Må-krav
10.3	**Gyldig samsvarserklæring for den komplette linja, med norsk omsetjing der det er nødvendig, skal leverast før linja blir teken i bruk.** Stadfest Ja. Førebels dokumentoversikt med tilbodet.	Må-krav
10.4	**Linja skal ha nødvendige mekaniske og elektriske vern, naudstopp, dør- og vern-brytarar, sperrer og tryggleiksfunksjonar.** Stadfest Ja. Legg ved tryggleikskonsept.	Må-krav
10.5	**Naudstopp og tryggleiksfunksjonar skal verke koordinert for heile linja. Ein tryg-gleiksstans i éin del skal føre til sikker tilstand i alle relevante delar.** Stadfest Ja. Beskriv stoppsoner og reaksjonar.	Må-krav
10.6	**Omstart etter naudstopp, opning av vern eller straumbrot skal krevje medviten kvittering og startkommando og skal ikkje skape fare eller ukontrollert produktflyt.** Stadfest Ja. Beskriv omstartslogikken.	Må-krav
10.7	**Leverandøren skal bruke relevante harmoniserte standardar eller dokumentere ei likeverdig teknisk løysing som oppfyller dei grunnleggjande helse- og tryggleik-skrava.** Oppgi standardar og eventuelle alternative løysingar.	Må-krav
10.8	**Restrisiko, nødvendige vernetiltak og krav til trygg bruk, reinhald, vedlikehald og formatbyte skal dokumenterast og inngå i opplæringa.** Legg ved oversikt før SAT.	Må-krav
10.9	**Norsk brukar-, reinhalds-, vedlikehalds- og tryggleiksdokumentasjon skal leverast før overtaking.** Legg ved dokumentliste med tilbodet og endelege dokument før SAT.	Må-krav
10.10	**Elektriske skjema, signal- og tilkoplingsskjema, reservedelsliste, smøreplan, feilkodar, vedlikehaldsplan og dokumentasjon for alle delmaskiner og den saman-bygde linja skal leverast før overtaking. Tekniske skjema kan vere på norsk eller engelsk.** Stadfest Ja. Leverast digitalt i søkbart format.	Må-krav

10.11	**Alle hovudkomponentar skal vere varig merkte med produsent, modell, serienummer, produksjonsår og relevante tekniske data.** Stadfest Ja. Kontrollerast ved SAT.	Må-krav

11. Levering, FAT, installasjon og opplæring

Nr.	Krav	Type
11.1	**Tilbydar skal oppgi bindande leveringstid rekna frå kontraktsinngåing og tidspunkt for kontrollmåling, designfrys, FAT, levering, installasjon, opplæring og SAT.** Legg ved framdriftsplan.	Må-krav
11.2	**Produksjon eller endeleg ordrefrigiving skal ikkje skje før oppdragsgivar skriftleg har godkjent endeleg layout, grensesnitt og formatgrunnlag.** Stadfest Ja.	Må-krav
11.3	**Leverandøren skal før utsending gjennomføre og dokumentere FAT som minst omfattar tryggleik, signalutveksling, folieframtrekk, verktøy, etikettering og avtalt kapasitet.** Stadfest Ja. Kostnaden skal vere inkludert.	Må-krav
11.4	**Forslag til FAT-protokoll skal sendast oppdragsgivar seinast ti arbeidsdagar før testen. Oppdragsgivar skal kunne delta fysisk eller digitalt utan at dette avgrensar leverandøren sitt testansvar.** Stadfest Ja. Oppgi planlagt teststad og form.	Må-krav
11.5	**Leverandøren skal emballere, transportere, losse og sikre utstyret fram til leveringsstaden og handtere nødvendig inntransport og rigging.** Stadfest Ja. Beskriv særlege krav til transportvegen.	Må-krav
11.6	**Leverandøren skal montere, kople opp, konfigurere og setje i drift heile linja på leveringsstaden og gjennomføre SAT etter kapittel 16.** Stadfest Ja. Kostnaden skal vere inkludert.	Må-krav
11.7	**Det skal inngå operatør- og vedlikehaldsopplæring på norsk for dei tilsette oppdragsgivar peikar ut. Opplæringa skal dekkje trygg bruk, reseptar, formatbyte, folie, etikettar, reinhald, feilsøking og dagleg vedlikehald.** Legg ved opplæringsplan med omfang, språk og materiell.	Må-krav

11.8	**Opplæringsmateriell skal leverast digitalt på norsk og vere tilgjengeleg for oppdragsgivar utan tidsavgrensa brukar- eller lisensvilkår.** Stadfest Ja.	Må-krav
11.9	**Leverandøren skal rydde og fjerne eige avfall og emballasje etter installasjonen og levere installasjonsområdet reint og sikkert.** Stadfest Ja.	Må-krav

12. Garanti, service og reservedelar

Nr.	Krav	Type
12.1	**Garantitida skal vere minst 24 månader rekna frå skriftleg godkjend SAT og overtaking.** Stadfest Ja. Oppgi eventuell lengre garanti.	Må-krav
12.2	**Garantien skal omfatte delar, arbeid, reise, feilsøking og nødvendige programvareoppdateringar for å rette garantifeil, utan tilleggskostnad for oppdragsgivar.** Stadfest Ja. Eventuelle unntak skal gå fram av avvikslista.	Må-krav
12.3	**Tilbydar skal oppgi kontaktkanal, responstid for fjernsupport, tid til oppstart av feilretting og normal tid til servicepersonell på leveringsstaden.** Oppgi bindande tider i timar eller arbeidsdagar.	Må-krav
12.4	**Tilbydar skal beskrive serviceopplegget, inkludert bindande responstider, tilgang til kvalifisert personell, feilsøkingsmoglegheiter og dokumentert delelogistikk.** Beskriv serviceorganisasjon, lokasjonar, opningstider og eskalering.	Kvalitet
12.5	**Reservedelar, slitedelar og kvalifisert service skal vere tilgjengelege i minst ti år etter overtaking.** Stadfest periode og bestillingskanal.	Må-krav
12.6	**Tilbydar skal identifisere kritiske reservedelar, tilrådd lagerhald hos oppdragsgivar og normal leveringstid.** Legg ved kritisk reservedelsliste med leveringstider.	Må-krav
12.7	**Leverandøren skal levere ein plan for førebyggjande vedlikehald med intervall, ressursbehov og nødvendige delar. Kostnader for obligatorisk service skal gå fram av prisskjemaet.** Legg ved vedlikehaldsplan og prisgrunnlag.	Må-krav
12.8		

	Programvare og styringssystem skal kunne driftast gjennom den oppgitte reservedelsperioden. Eventuelle obligatoriske oppgraderingar eller lisenskostnader skal vere kjende ved kontraktsinngåing. Stadfest Ja og legg ved støtte- og lisensvilkår.	Må-krav
12.9	**Tilbydar skal oppgi eventuell garanti og støtte utover minimumskrava.** Oppgi utvida garanti, responstid og tilleggsytingar som inngår i den evaluerte tilbodsprisen.	Kvalitet

13. Klima, miljø og levetid

Nr.	Krav	Type
13.1	**Linja skal ha ein energiøkonomisk kvile- eller ventemodus som kan nyttast ved produksjonsstans utan å svekkje mattryggleik eller maskintryggleik.** Stadfest Ja. Beskriv aktivering og effektbruk.	Må-krav
13.2	**Tilbydar skal oppgi målt eller berekna straumforbruk for komplett linje i kvile og ved stabil MAP-produksjon i 1/4 GN-konfigurasjon.** Oppgi kW og kWh per 1 000 godkjende beger med føresetnader.	Må-krav
13.3	**Tilbydar skal oppgi normalt MAP-gassforbruk i 1/4 GN-konfigurasjon og beskrive korleis innleggsplater, kammergeometri og styring reduserer forbruket.** Oppgi liter eller Nm^3 per 1 000 godkjende beger, gassblanding og testgrunnlag.	Må-krav
13.4	**Tilbydar skal oppgi forventa foliesvinn ved oppstart, rullbyte og formatbyte og beskrive tiltak som reduserer svinn.** Oppgi meter, areal eller kg per hending og målemetode.	Må-krav
13.5	**Linja skal vere modulært oppbygd slik at defekte eller utslitne komponentar kan reparerast eller bytast utan at komplett maskin eller større funksjonseiningar må skiftast unødvendig.** Stadfest Ja. Beskriv modular og reparasjonsprinsipp.	Må-krav
13.6	**Konstruksjonen skal gi tilgang til slitedelar, sensorar, motorar og andre vanlege servicepunkt utan unødvendig demontering av uskadde hovudkomponentar.** Stadfest Ja. Vis til servicebeskriving.	Må-krav
13.7	**Leveranseemballasje skal avgrensast, kunne kjeldesorterast og takast med av leverandøren dersom oppdragsgivar krev det.** Stadfest Ja. Beskriv emballasjehandtering.	Må-krav

13.8	**Før overtaking skal leverandøren gi informasjon om materialinnhald, demontering og forsvarleg ombruk, gjenvinning eller avhending ved slutten av levetida.** Stadfest Ja. Lever dokumentasjon før SAT.	Må-krav
13.9	**Oppgitte energi-, gass- og svinndata skal byggje på dokumenterte føresetnader og skal kunne kontrollerast under FAT eller SAT dersom oppdragsgivar ber om det.** Stadfest Ja. Oppgi måle- eller berekningsmetode.	Må-krav

14. Grunnlag for evaluering av kvalitet

Nr.	Krav	Type
14.1	**Driftsyting: Det blir lagt vekt på høg dokumentert og garantert kapasitet i godkjende beger per minutt, stabil produksjon og tydelege testføresetnader. Yting utover det oppdragsgivar kan nyttiggjere seg, gir ikkje ytterlegare utteljing.** Utdjup med garanterte verdiar per format og dokumentert testgrunnlag.	Kvalitet
14.2	**Formatbyte: Det blir lagt vekt på kort bindande byttetid, få personar, lite behov for handverktøy, låg risiko for feilinnstilling og trygg handtering.** Beskriv prosessen stegvis.	Kvalitet
14.3	**Hygiene og reinhald: Det blir lagt vekt på kort dokumentert reinhaldstid, enkel tilgang, god drenering, avgrensa demontering, få lause delar og tydelege kontrollpunkt.** Legg ved reinhaldsprosedyre, tidsgrunnlag og illustrasjonar.	Kvalitet
14.4	**Brukarvennlegheit og ergonomi: Det blir lagt vekt på oversiktleg norsk HMI, god alarmrettleiing, enkel resepthandtering, trygge arbeidsstillingar, god operatørtilgang og avgrensa manuelle løft.** Legg ved skjermbilete, målsette teikningar eller foto.	Kvalitet
14.5	**Service: Det blir lagt vekt på korte bindande responstider, kvalifisert servicekapasitet, effektiv fjernfeilsøking, delelogistikk og eit tydeleg eskaleringsløp.** Utdjup responstider, servicekapasitet, fjernfeilsøking, delelogistikk og eskalering.	Kvalitet
14.6	**Garanti og støtte utover minimum: Relevant utvida garanti, lengre støtteperiode og konkrete inkluderte ytingar kan gi utteljing.** Berre bindande ytingar som inngår i den evaluerte tilbodsprisen, blir vektlagde.	Kvalitet

14.7	**Gjennomføring: Det blir lagt vekt på ein realistisk og samanhengande plan for designfrys, integrasjon, FAT, installasjon, opplæring og SAT, med tydeleg ansvar og risikoreduserande tiltak.** Legg ved forpliktande framdrifts- og gjennomføringsplan.	Kvalitet

Strategiske hensyn:

Universell utforming:

accessibility-unspecified

Egnet for små og mellomstore bedrifter

Denne anskaffelsen er tilrettelagt for deltakelse fra SMB-er

Innleveringsvilkår:

Elektronisk innlevering:	Påkrevd
Elektronisk signering:	Ikke spesifisert
Tillatte språk:	Norsk

Vedlegg:

- Bilag 1: image00000211.JPG
- Bilag 2: image00000011.JPG
- Bilag 3: image00000111.JPG
- Bilag 4: image00000311.JPG
- Bilag 5: image00000611.JPG
- Bilag 6: image00000511.JPG
- Bilag 7: image00000411.JPG